

Dagens ros og takk.

23.05.2016



Leikeskuret har fått ny bordkledning.

Uskedalen er ein god stad å bu. Her støttar lokalmiljøet, næringsliv og ulike organisasjonar opp om kvarandre. Vi ynskjer ei fin bygd, med gode tilbod for alle. Dette fekk Uskedalen barnehage atter ein gong erfare då FAU ved barnehagen skipa til dugnad før 17 mai.



[Kvinnherad Vekst ordna med ny sandkasse.](#)

Takksame og glade barn og vaksne ved Uskedalen barnehage vil gje dagens ROS OG TAKK til Kvinnherad Vekst, og FAU ved Uskedalen barnehage.

FAU skifta bordkledning på barnehagen sitt leikeskur, noko som var sårt ettertrengt. Veggane var gjennomrotne av år med manglande vedlikehald. Taket er i same forfatning, og skal skiftast på seinsommaren. Utan inntente pengar frå FAU, og stor dugnadsånd, ville ikkje dette blitt ein realitet på noverande tidspunkt. Når taket og er skifta har barnehagen fått seg eit leikeskur som vil stå i mange år framover til glede for alle.

Småbarnsavdelinga vår har lenge ynskja seg ein litt mindre sandkasse, som var betre eigna til dei minste barna i barnehagen vår. Kvinnherad vekstbedrift fekk kjennskap til dette ynsket, og fekk laga ein sandkasse til barnehagen vår.

Ikkje bare laga dei sandkassen til barnehagen, men dei kom og monterte sandkassen på plassen, og fylte den opp med sand, til stor glede for små og store i Uskedalen barnehage.

Stor takk frå barn og personale i Uskedalen barnehage!

Ann Irene Sæle

-Styrrar-

Tekst og foto: Ann Irene Sæle

Nett: Thor Inge Døssland